


Installering av MATLAB



MATLAB er ei korting for Matrix Laboratory – «matriselaboratorium». Det kan brukast til mykje som har med tal og matematikk å gjere. Ein del av dette skal lære i dette kurset.

Vi installerer MATLAB frå [MathWorks si eiga side](#). (MathWorks er selskapet som har laga, utviklar og sel MATLAB – i tillegg til andre applikasjonar.) Før du får installert, må du opprette ein konto på nettsida. Klikk «Log in» oppe i høgre hjørne og så «Create Account» litt nede, midt på sida. Når du blir bedt om å gi e-post-adressa di, er det viktig at du brukar stud.hioa.no-adressa di – om du vél ei anna, privat adresse, vil det ikkje fungere. Vidare vil du nok få eit spørsmål om kva du skal bruke MATLAB til.

Du vil så få tilsendt ein e-post frå MathWorks. Du må opne denne og stadefeste at e-post-adressa er di.

Etter å ha oppretta konto loggar du deg på. Du vil så bli bedt om å fylle ut eit skjema. Her skal du mellom anna skrive inn lisens-nøkkelen. Denne er:

10946-41771-99715-85791-90404

For å laste ned sjølve programvara klikkar du først på «My Account» i menyen under namnet ditt oppe til høgre. Der klikkar du på «nedlastingspila» som dukkar opp til høgre i ein tabell og vél den nyaste versjonen, MATLAB 2016b. Vidare blir du bedt om å velje operativsystem (Windows, Mac eller Linux). Det neste som skjer, er at ei installerings-fil blir lasta ned. Denne skal du køyre og følgje instruksjonane som dukkar opp undervegs.

Under installeringa kan det vere at du må spesifisere at du skal installere via internett. Du bør velje «Typical» installering (dette sikrar at du får med alle produkta som lisensen inkluderer). Du blir nok også bedt om å spesifisere kva mappe du vil at MATLAB skal bli lagra i; her kan du godt velje den som blir føreslått automatisk.

Heilt til sist blir du nok bedt om å *aktivere* MATLAB. Dette skjer i ein eigen dialogboks som heiter «MathWorks Software Activation».

MATLAB kan installerast og aktiverast på fleire maskinar.

Nokre moglege problem som kan dukke opp:

Dersom datamaskina di eller brukarkontoen din har eit namn som inneheld mellomrom eller «æ», «ø» eller «å», kan du få problem med installeringa. Det kan vere at visse at Mac-brukarar må justere på sikkerheitsinnstillingane for å tillate nedlastinga. Det har også hendt at ein må installere Java Runtime Environment først for å få installeringa til å fungere.

Dersom maskina di har relativt lite ledig minne på harddisken, kan installeringa bli for stor. I så fall: I staden for å velje alle programpakkar hukar du av berre «Basic MATLAB» under installeringa. Dette vil uansett vere nok i samband med matematikk 1000-kurset.

Dersom noko av det som står her er feil, eller det skulle dukke opp problem med installeringa, ver god å ta kontakt med meg så snart som råd.

Solve Selstø, kontor PS234, e-post: solve.selsto@hioa.no